



Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep.

0030 OSLO

Jondal kommune

5627 JONDAL

Tlf.

Faks

e-post post@jondal.kommune.no

www.jondal.kommune.no

Org.nr 944 439 927

Bank 3450.07.08206

Sakshandsamar:

E-post jon.larsgard@jondal.kommune.no

Tlf. 53 66 95 02

Dykkar ref.

11/82 ILB

Vår ref.

11/267-5 /JOL/11/2450

Arkiv:

N-111.2

Dato

29.06.2011

HØYRINGSUTTALE OM MAKSIMUMS- OG MINIMUMSREGLANE I EIGEDOMSSKATTEN FOR KRAFTVERK.

Viser til høyringsbrev og medfølgjande høyringsnotat frå Finansdepartementet frå 15. april 2011 om forslag til endring av maksimums- og minimumsreglane i eigedomsskatten for kraftverk med høyringsfristen 15. juli.

Om forslaget til ordning.

Jondal kommune meiner at ordninga ein har i dag med maksimums- og minimumsgrenser for eigedomsskatt på kraftanlegg må fjernast. Dei viktigaste grunnane til dette er:

- Sidan det i dag er maksimumsgrensa som fastset eigedomsskatten for dei aller fleste kraftanlegga som er omfatta av ordninga, fungerer den i strid med det som elles er det skattepolitiske målet; at eigedomsskattegrunnlaget skal spegla den reelle marknadsverdien.
- Kommunar som avstår naturressursar i tråd med nasjonale målsettingar, må og få noko att av den reelle verdiskapinga desse naturressursane fører til, på same måte som eigarkommunar og staten gjer i form av utbytte og overskotsskattar.
- Vidare utbygging av vannkraft vil verta mindre interessant for kommunen å vera med på, dersom kommunen sin del av verdiskapinga vert stadig mindre.
- Ordninga er konkurransevridande, både gjennom at det er dei mest lønsame kraftverka som får den største skatterabatten, og i høve til andre energikjelder, som ikkje har ei liknande ordning for berekning av eigedomsskatt.

Jondal kommune meiner vidare at det viktig at kapitaliseringsrenta vert stabil og langsiktig. Det inneber eit høgare rentenivå enn i dag. Høgare rente vil gje lågare takstverdiar og dermed lågare samla eigedomsskattegrunnlag, slik at effekten av omlegginga vil verta noko dempa.



Verknad for Jondal kommune.

For Jondal kommune utgjør eigedomsskatten i 2009 2,26 mill. kr. Ved fjerning av makstaket syner berekningar at ein ville fått ein auke på 0,85 mill. kr, eller vel 800 kr for kvar innbyggjar. Isolert sett er ikkje dette eit stort beløp for vår kommune, men likevel viktig fordi dei kjem på toppen av andre inntekter, og gjev eit viktig bidrag for å løysa ulike utfordringar kommunen står ovafor t.d. som å oppretthalda eit godt tenestetilbod, utføra naudsynt vedlikehald, eller knytt til ulike utviklingsoppgåver i kommunen.

Utforminga av ordninga kan og få verknad for korleis kommunen stiller seg til ny vasskraftutbygging i framtida. Ulempene slik utbygging fører til, vil alltid vegast mot føremonene, der dei økonomiske konsekvensane er ein del av dei. Dersom eigedomsskatten meir vert som ei fast avgift med stadig lågare realverdi, vil kommunen sin andel av verdiskapinga minke og dei positive sidene ved utbygginga verta redusert tilsvarande.

Med helsing

Jon Larsgard
ordfører

Brevet vert berre sendt elektronisk til postmottak@fin.dep.no